

Vedlegg 1: Rutine for Vestland tannhelseteneste når barn og unge ikkje møter til avtalt time

Dersom pasienten ikkje møter så prøv alltid å ringe pasienten eller føresette (dersom pasient er under 16 år) for å avklare årsak til manglande oppmøte og for å avtale ny time. Ring helst allereie i løpet av den oppsette behandlingstida som pasienten ikkje møtte til.

Hugs alltid å journalføre kontakt eller forsøk på kontakt.

Om pasient ikkje har møtt til første timeavtale, skal vi gjere følgjande:

1. Undersøk om tannklinikken har riktig adresse og telefonnummer til pasienten/føresette (folkeregisteret).
2. Ta personleg kontakt med barn eller føresette på telefon, og avtal ny time.
 - 0 – 11 år: Ta kontakt med føresette.
 - 12–15 år: Både pasient og føresette kan kontaktast.
 - 16–20 år: Ta kontakt med pasient. Om dei føresette også skal kontaktast, må pasienten samtykke til dette.
3. Registrer pasienten som ikkje møtt i timeboka.
4. Viss vi ikkje får kontakt, skal vi sende «*Ikke møtt-brev 1*» ([vedlegg 1.1](#)) til føresette viss barnet er under 16 år. Send «*Ikke møtt-brev til ungdom 16–20 år*» ([vedlegg 1.2](#)) viss pasienten er 16 år eller eldre.
5. Vurder å sende direkte-sms i Opus om at vi har ringt dersom du ikkje får svar.
6. Sett pasientar i gr. A opp til ny time om fire veker.

Om pasienten ikkje møter til påfølgjande timeavtale:

1. Ta personleg kontakt med barn eller føresette på telefon. Vurder om det er behov for å sende direkte sms der vi ber om at føresette/pasient tar kontakt om du ikkje får svar. Send påminning (varsel) «*Ikke møtt-brev 2*» ([vedlegg 1.3](#)) til føresette viss barnet er under 16 år. Ikke møtt-brev til ungdom 16–20 kan sendast dersom pasienten er 16 år eller eldre.
2. Dersom føresette ikkje tar kontakt innan fristen på tre veker skal vi vurdere om det skal sendast bekymringsmelding til barnevernet. Det at barnet ikkje møter er vanlegvis ikkje grunn nok åleine til å melde bekymring. I tillegg til å liste opp datoar barnet ikkje har møtt, skal vi skrive så utfyllande som råd kva som er årsakene til bekymringa når eit barn ikkje møter ved fleire høve. Kor lenge er det sidan barnet har fått ei statusundersøking, korleis var barnets orale status og kariesforekomst og kva risikoar har det for barnet at det ikkje har vore inne til undersøking? Blir behandlingsbehov eller tilrådde førebyggjande tiltak ikkje fylgt opp? Er det andre teikn ved åtferd, psykiske eller fysiske teikn?

Sjå tilrådinga «[Tegn som kan gi grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller at det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt](#)»

3. Dersom det er grunn til å tru at barnet blir eller vil bli mishandla eller utsett for alvorleg omsorgssvikt har vi meldeplikt. Sjå kapittelet [Opplýsningsplikten ved barnemishandling, seksuelle overgrep eller omsorgssvikt](#) i nasjonal fagleg retningslinje.
4. Journalfør timeavtalar der pasient ikkje har møtt og all kontakt, eller forsøk på kontakt, med føresette.
5. Set pasienten opp til ny innkalling om seks månader. Gjer ny vurdering om det skal sendast bekymringsmelding dersom barnet framleis ikkje møter.